



Husnes 28.05.2018

Rapport om tilskot til tilbod om gratis skulefrukost

Vi er ein skule med rundt 400 elevar og 80 tilsette. Vi har både studieførebuande program og yrkesfag.

Skulen vår søkte om 500.000 kr til skulefrukost i og fekk eit tilskot på 200.000 kr.

Organisering av tilboden:

Vi hadde skulefrukost kvar dag. Vi serverte ulike typar graut, frukostblandingar, jogurt, nøtter- og fruktblandingar. Vi hadde glutenfrie og laktosefrie alternativ. Det var kantinemedarbeidarane som hadde ansvar for skulefrukosten. Dei har mått starta arbeidsdagen sin ein time tidlegare for å klargjera frukosten og dei hadde ekstra arbeid med rydding. Dette føre til ein meirkostnad for skulen i form av lønn.

Kantinepersonalet var positive til tiltaket, men meinte at det førte til ein del ekstra arbeidsbelastning. Vi hadde i utgangspunktet tenkt at vi villa tilsetja ein miljøfagarbeidar/kantinemedarbeidar som skulle ha ansvaret for frukosten. Tilskotet vi fekk tildelt dekkja ikkje dette. Vi ser at det hadde vert ein stor fordel om vi kunne fått støtte til dette. Elevane hadde ynskje om at vi kunne tilby «smørjemat» med brød og pålegg, og drikka som mjølk og jus. Tilskotet som vi fekk, dekka ikkje dette.

Økonomi:

Tilskotet vi fekk har vi bruk til å kjøpa inn ingrediensar til skulefrukosten
Det vart brukt ca 2000 kr per veke til dette, dvs. ca. 10 kr per elev per dag.

Deltaking:

Det er litt vanskeleg å seia kor mange av elevane som nyttar seg av frukosttilboden og det varierer litt frå dag til dag. Men vi estimerer at det er ca. halvparten av elevane våre, dvs. ca. 200 elevar

Erfaring:

Grunnen til at vi hadde eit ynskje om å starte med gratis skulefrukost for elevane var at det er mange av elevane våre som ikkje et frukost før dei kjem til skulen og heller ikkje lagar seg niste. Mange av elevane har og lang køyretid til skulen og står derfor tidleg opp. Det vert då lenge å gå utan mat fram til kantina vår opnar 10:30. Dette gjere noko med konsentrasjonen og arbeidsinnsatsen til elevane. Vi hadde eit ynskje om at elevane våre skulle få ein god start på dagen med gratis skulefrukost slik at dei var rusta for ein lang dag med mykje god læring. Vi starta med gratis skulefrukost i hausten 2017 og har hatt svært gode erfaringar med dette.



KVINNHERAD VIDAREGÅANDE SKULE

HORDALAND FYLKESKOMMUNE

Målet med dette tilbodet er at det skal vera helsefremjande. I tillegg skal det vera ein arena der elevane samlast og som har som mål å vera sosial og inkluderande og på sikt redusera sosiale forskjellar i kosthald.

Desse måla opplever vi er nådd. Tilbodet vart svært godt motteke av elevane og mange nyttar seg av tilbodet. Frukosten i kantina er blitt ein god sosial og inkluderande arena. Elevane får ein sunn og god start på dagen og elevar og lærarane melder om betre konsentrasjon og arbeidsinnsats. Føresette og lokalmiljøet er og svært positive til tiltaket.

Mvh

Gry Hege Grønningen

Ass. Rektor

Kvinnerad vidaregåande skule

Tlf. 53475715 / 90800481



**HORDALAND
FYLKESKOMMUNE**



Tenk miljø – La
vere å skrive ut?



Hordaland fylkeskommune
Opplæringsavdelinga
<http://www.hfk.no/Hordaland-fylkeskommune/oppaering/>

Kvinnherad vidaregåande skule
Opsangervegen 160
5460 HUSNES

tlf: + 47 53 47 57 00
faks: + 47 53 47 57 36
e-post: post.kvv@hfk.no
<http://kvv.hfk.no>